

## **Kunngjering januar 2016 – Flytting av Blom Fiskeoppdrett AS, konsekvensutgreiing på offentleg ettersyn, saknr. 94/2015**

Utval for drift og utvikling i Meland vedtok 17.12.2015 å leggje konsekvensutgreiing for flytting av Blom Fiskeoppdrett ut på høyring og offentleg ettersyn, dette i samsvar med reglane i *forskrift om konsekvensutredning for planer etter plan- og bygningslova*. Det er i samband med søknad om dispensasjon, laga konsekvensutgreiing for å flytte eksisterande akvakulturanlegg i Laksevika til ny lokalitet ved Trollholet. Bakrunnen for flyttinga er at anlegget i Laksevika er i konflikt med militær sikringssone, og fordi det er ynskje om å oppgradere anlegget.

Konsekvensutgreiinga gjev ein fagleg dokumentasjon på eit overordna nivå, og omfattar mange tema kring verknad for miljø og samfunn dersom ein flytter akvakulturanlegget.

Konsekvensutgreiinga konkluderer med at det er få negative konsekvensar med flytting av anlegget, medan det er fleire samfunnsnyttige fordelar med flyttinga. Verknad for miljø og samfunn dersom ein oppgraderer og utvidar anlegget, skal nærmare undersøkjast i samband med akvakultursøknad etter sektorlov.

Det er høve til å komme med uttale eller merknader i saka, og frist for å gje uttale er på 6 veker. Søknad om dispensasjon for ny plassering skal deretter behandlast.

Konsekvensutgreiinga er lagt ut i resepsjonen i rådhuset, og på kommunen si heimeside under tenesteområde for *Plan, utbygging og kommunalteknikk*. Velg *Plan* og deretter *kunngjeringar*. Naboar er varsla direkte i eige brev.

Merknader, kommentarar eller innspel må vere skriftlege og skal sendast til Meland kommune v/ Plan, utbygging og kommunalteknikk, postboks 79, 5906 Frekhaug, eller som e-post til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no). Frist for å sende inn skriftlege merknader eller innspel er **19.02.2016**. Nærare opplysningar om saka kan de også få hos saksbehandlar Anne-Lise Olsen på e-post: [anne.lise.olsen@meland.kommune.no](mailto:anne.lise.olsen@meland.kommune.no), og på tlf. 56171173.

Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova §§ 19-1, jf. pbl §§ 1-1 og 19-2.